

KYRKJEBLADET

64. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 2/2010

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16



Konsertar

Side 6-7

Konfirmantar

Side 8-9

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20
Faks 56 59 39 29
E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21
Mobiltlf. 95 97 99 05
E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Tlf. kontor 56 59 70 88
Mobiltlf. 90 84 06 24
E-post: edvarboe@online.no
Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn
Tlf. kontor 56 59 39 20
Mobiltlf 90 19 65 14
E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no
Tlf. privat 56 59 73 15
E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20
Tlf. privat: 56 59 56 25
E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen

Asbjørn Nese
Tlf. privat: 56 59 59 26
Mobiltlf. 95 22 84 47

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Bilete på framsida: Matøkt i Skipshelleren
på Helgetorsdag.

Utan terskel og tak

Naturen kallar. Kyrkjelydane inviterar til gudstenester i fri natur. Tenk for ei gåvepakke! Dei fleste av oss set pris på ein rusletur i skog og mark, og opplevingar saman med andre. Stølsgudstenestene har alt, og meir til. Nokre av turane kan vere strevsame å gjennomføre, andre er lette. Når Kyrkjebladet kjem ut har det alt vore gudstenester i Skipshelleren og ved Fitjavatnet. Resten av gudstenestene ”utan terskel og tak” står omtalt i bladet.

Sundag 4. juli er det **stølsgudsteneste** i Bergsdalen, på Solbjørg. Der er det eit nedlagt gardsbruk, og det tek 15-20 minutt å gå dit langs ein stølsveg. Starten er ved ei ferist om lag 400 meter nedanfor Bergøyane. Opplegget vert det vanlege, med gudsteneste og matøkt. Ved dårleg ver er ein i kyrkja.

Sundag 25. juli er det **Dalastemne**, ved Storavatnet mellom Flatekval og Farestveit. Fra Eksingedalssida er det avgang frå Flatekval, ved Dalastova. Ved dårleg ver er ein i kyrkja på Flatekval.

Torsdag 29. juli er det **olsokgudsteneste** på Leiro (Eidsland). Ein går då frå Møster, i eit heller bratt terreng. Ved dårleg ver er ein i Eidsland kapell.

Sundag 29. august er det **Fest på kjerka** i Messehagen på Dale. I denne gudstenesta, der og Sjømannskyrkja er med, vert det presentasjon av konfirmantane i Dale sokn og musikk ved Torsdagsklubben.

Fleire detaljar om desse gudstenestene finn ein i gudstenestelista i Kyrkjebladet. Sjå og i lokalavisene og på plakatar nokre dagar på førehand. Det er høve å ta kontakt med soknerådet eller presten viss ein er usikker på kor gudstenestene til slutt finn stad.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 20. aug. 2010.



Sundagsope I

Sundagen er kviledagen og heilagdagen!

Noko av det me har felles i heile verda, trur eg i alle fall, er kva ei veke er: Kor mange dagar det er i ei veke, og kor lang ein dag – eit døger – er. Tenk om alle dagane var like! Då hadde me ikkje ei helg å sjå fram imot. Jamvel om ein hadde to fridagar i veka, slik dei fleste har no, ville det ikkje vore dagar me hadde felles. Det ville hatt mykje å seie for mellom anna sosiale samkomer i eit lokalmiljø, og for om familiar og vener hadde høve til å møtast utan å måtte sjå på klokka og tenke på arbeid. I vår del av verda er det seks kvardager og ein heilagdag i ei veke. Somme seier at veka byrjar på mandag, og sluttar med kviledagen. Andre legg mest vekt på at sundagen i Bibelen er omtala som det første dagen i veka.

Når me i vår del av verden har sundagen som heilagdag, og til dømes ikkje laurdagen, er det fordi kyrkja i si tid gjorde dagen for Jesus si oppstode, sundagen, til dagen for gudstenestefeiring og kvile. Ein har såleis halde fast på å halde ein dag i veka heilag. Denne tenkinga er gjort gjeldane i vår land og, mellom anna gjennom lova om helgefred.

Sundagen er gudstenestedagen!

Me snakkar om høgmessetida, som er kl. 11 sundag

føremiddag. Då feirar me gudsteneste, og samstundes feirar og markerar Jesus si oppstode. I tillegg til sundagane har me og heilagdager, slik at det er om lag 60 ”raude” dagar i løpet av eit år. Av ulike årsakar har me og gudstenester på ettermiddags- og kveldstid i kyrkjene, somme gonger jamvel ein kvardag – slik som når julaftan kjem på ein kvardag. Det går ikkje med mykje tid å kome til kyrkja. Gudstenesta varar eigentleg ikkje lenge, sjølv om nokon kjenner det slik av og til. Det kan jo gjerne gå med litt tid til å få på sundagskleda. Og då det berre er fint om ein krysser soknegrensene og vitjar ei anna kyrkje enn si eiga, kan det gå med litt tid til transport. Men tenk om mange fleire enn i dag gjorde det til ein vane å gå i kyrkja! Det ville auke forståinga av at me er med på noko viktig når me går til gudsteneste.

Sundagen er ei gave til oss!

Den dagen har dei fleste av oss høve til BÅDE å ta del gudstenestefeiringa OG vere ute i naturen og/eller saman med familie og vener. Så velkommen til kyrkje. Me har sundagsope!

*Med venleg helsing
Frode Kvamsøe*

Det 3. bodet: **Du skal halde kviledagen heilag.** Martin Luther si forklaring i den vesle katekisma: Vi skal ottast og elske Gud, så vi ikkje vanvørder samlinga om Guds ord, men held Ordet heilagt, gjerne høyrer og lærer det.

Sundagsope II

På Dale har daglegvarebutikkane byrja å ha ope om sundagane.

Dette er mogleg då Dale er klassifisert som ein typisk turiststad, noko som gjer høve til sundagsopne butikkar. Vaksdal kyrkjelege fellesråd og Dale sokneråd fekk høve til å kome med innspel då saka vart handsama i Vaksdal kommune. Ingen av råda kom med innvendingar mot denne om-klassifiseringa. Det var særleg ynskje om å legge til rette for å få fleire arbeidsplassar til Dale som gjaldt. Men fellesrådet sa likevel at ”rådet ber ein ta omsyn til høgmessetid og ikkje halde ope butikkane

då. Spar-butikken ville helst få opne butikken kll. 11. Ordførar Eirik Haga syntet til fellesrådet si uttale og ba dei dryge til kl. 13. Resultatet vart eit kompromiss, butikkane opnar kl. 12. Det er lov om helgefred som har vore til hinder for dette tidlegare. Føremålet med denne lova er mellom anna omtala slik: »Å verne om det gudstjenestelige liv og den alminnelige fred på helligdager» og »å gi høytiden ro og verdighet», jf. lovens § 1. For å oppnå dette formålet fastsetter loven i § 3 at det skal være «helligdagsfred som ingen noe sted må forstyrre med utilbørlig larm» hele

døgnet på son- og helligdager, samt etter kl. 1600 på påske-, pinse- og julafesten. I tillegg er det ved kirke eller gudstjenestested, mens helligdagsfreden varer, «ikke tilatt å forstyrre gudstjenesten med unødig larm eller arbeid eller annen forstyrrende virksomhet». Vidare står det i Lov om helligdager og helligdagsfred, §5: Fylkesmannen kan etter søknad fra kommunen ved forskrift bestemme at et område skal regnes som typisk turiststed, se annet ledd nr. 4, for hele året eller deler av året. Som typisk turiststed kan bare regnes område der salget i de aktu-

elle periodene hovedsakelig skjer til turister.

Prinsipielt er det ikkje noko nytt som har skjedd med dei sundagsopne butikkane, etter det eg kan sjå. Frå før av er til dømes bensinstasjonar, kaféear og restaurantar opne på sundagane. Det er såleis ikkje nokon revolusjon, dette med sundagsopne butikkar. Men eg kjenner likevel at det gjere noko med meg. Det kjennes ikkje godt at alle dagane i veka skal verte meir og meir like, at skilnaden mellom helg og kvardag vert viska meir og meir bort.

*Med venleg helsing
Frode Kvamsøe*

STANGHELLE BEDEHUS 30 ÅR

I år er det 30 år sidan Stanghelle bedehus vart vigsla. Deler av bedehuset, der det no er barnehage, hadde allereie vore nytta ei tid. Men i 1980 sto heile bedehuset ferdig, og dette skal feirast på ettersommaren. Laurdag 28. august vert det jubileumsfest, og då kjem mellom andre krinssekretær i Nordhordland Indremisjon, Glenn Nord-Varhaug. Det vert elles variert program og servering på festen, som tek til kl. 16.00.



STAMNES BEDEHUS 50 ÅR

Denne månaden er det 50 år sidan Stamnes bedehus vart vigsla, og det skal feirast til hausten.

Laurdag 25. september kl. 17 vert det jubileumsfest. Då

kjem prost Knut A. Knudsen, som vil vere kjent for mange her etter 18 år som prost i Hardanger og Voss prosti. Det vert song av Kilden, og av bygda sitt eige kor;

Stamnes barnekor.

Då bedehuset vart vigsla den 26. juni 1960 var det 300-400 menneske tilstades. Alle desse var ikke innandørs, sjølv sagt, men indremisjo-

nen på Stamnes ser gjerne at like mange kjem når bedehuset skal feirast!



Sokneprest Edvard Bø held gudsteneste.

Helgetorsdag var det gudsteneste i Skipshellaren

Det er tradisjon med utegudsteneste i Stamnes sokn Helgetorsdag, men då har ein vore samla ved Vikavatnet, på Vassbakken. I år ville soknerådet prøve ut Skipshellaren som gudstenestested, mellom anna då de der er mogle å finne ly viss det skulle bli regn.

Sjølve gudstenesta var rett nok ikkje i sjølve hellaren, men nede ved Vaksdal kommune sitt tusenårsbygg, der det er både benkar, gruer til grilling og elles god plass. Sokneprest Edvard Bø leia gudstenesta, og til salmane spelte Asbjørn Ekse på trekkspel. Over 50 menneske i alle aldrar var samla.

Etter gudsteneste og matøkt var det omvisning under sjølve Skipshellaren. Det var Eidrun S. Normann som tok seg av undervisninga der.



Omvisning i Skipshelleren.



Flott samspel mellom musikarar, kor og solist marilen Jørgensen Vågen.

Jazz i Dale kyrkje

Trygve Bjerkheim sine tekstar og melodiar var utgangspunktet for konserten i Dale kyrkje andre sundagen i mai. Somme av tekstane hadde fått nye melodiar, og alle songane var arrangert i jazz-stil. Arrangementa og dei nye melodiane er det kantor Olav Arne Steinkopf som står for. Songane vart sunge av Fjellhaug Vokalensemble frå Oslo, av Kilden, og av solistane Ole Strøm og Marilen Jørgensen Vågen, dirigert av kantor Tone Synnøve Ø.

Steinkopf. Olav Arne Steinkopf var sjølv kapellmeister, og sat bak flyget. Med seg hadde han dyktige musikarar på trommer og kontrabass, og ikkje minst "Beat-for beat"- Frøydis på fløyte og saksofon. I tillegg vart fleire av Bjerkheim sine dikt lese av Irene Strøm mellom songane.

God stemning og relativt mykje folk var med på å gjere konserten til ei flott oppleving!



Olav Arne Steinkopf.

Foto: Esben Hesjedal

FISKEFESTIVAL og Kulturdagar i Stamnes

I samband med Fiskefestival og Kulturdagar i Stamnes, arrangererer «Skutefolket» kyrkjekonsert sundag 1. august 2010 kl. 18.00. Dei er svært nøgde med at Stamnesjenta Ingvild Lilletvedt Nordstoga og Aasmund Nordstoga takka ja til å koma, og ser fram til ein flott konsert!

Litt om artistane:

Aasmund Nordstoga (f. 1964) platedebuterte 2009 med albumprosjektet "Ein Visefugg" (nominert til Spelemannspris 2009) på Warner Music. Dette er ein fugg (bunke) gamle flotte viser, samla inn i samarbeid med produsentane Jørund Fluge Samuelsen og John Vinge.

VG: "Den største bragden ved denne platen er vel strengt tatt hvordan Aasmund Nordstoga og arrangørene/produsentene Jørund Fluge Samuelsen og John Vinge makter å omskape en gammel kulturarv til å bli en helt naturlig del av enhver nordmanns kulturelle ballast - du visste det bare ikke før du hørte versjonene på denne platen. «Ein visefugg» trigger nettopp denne latente fellesarven, og bringer den frem i lyset. Nordstoga har en varm og fin stemme der han gir både høytemte og burleske historier liv med sprelske, vakre arrangement, enten det er folketoner, gammeldans eller rene viser.

Åsmund Reistad (f. 1969) (gitar, mando, kontrabass, song) har spelat jazz på festivalar i St. Petersburg og Ukraina, har tråla Norge opp og ned med irsk folkrock, og jobba med musikk til forteljing og teater. Var med å danna Chateau Neuf Spelemannslag. Dei siste åra har folkemusikken utgjort den største delen av hans musikalske virksomhet.

Ingvild Lilletvedt Nordstoga (f. 1973) låtskrivar, tekstrfattar og musikar.

Har dei siste åra skrive musikk til ulike lyrikarar som t.d Paal-Helge Haugen og Kolbein Falkeid.

Musikken kler visejazz formatet, og her får du vært med på reiser i ulike menneske sitt liv, der kjærleik, sakn, lengsel og lyst er sentrale tema.

Velkommen til Stamnes-kyrkja 1. august!



Ingvild Lilletvedt Nordstoga.



Aasmund Nordstoga.

Konfirmantar 2010



**KONFIRMANT I EIDSLAND KAPELL
25. APRIL**
Christoffer Møster Alvarez og sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: Christine Møster



KONFIRMANTAR I NESHEIM KYRKJE 30. MAI
Frå venstre: Jarand Brørvik, Charlotte Sætre Jensen, Audun Berland Nesheim.
Bak: Sokneprest Edvard Bø.

Foto: Magnar Nese



**KONFIRMANT I BERGSDALEN KYRKJE
30. MAI**
Sokneprest Frode Kvamsøe og Hilde Karevoll Berge.

Foto: Per Småbrekke



KONFIRMANTAR I STAMNES KYRKJE 9. MAI
1.rekkje frå venstre: Sigrid Straume Normann, Alexandra Nilsen, sokneprest Edvard Bø. 2. rekkje frå venstre: Andreas Hesjedal, Bjørn Straume Nilssen, Ole Martin Høines Ulevik, Frode Langeland, Andres Skjerve.

Foto: Kristin Straume Audestad

**KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 2. MAI 2010**

1.rekkje frå venstre: Andrine Sellevold, Maren Risnes Iversen, sokneprest Frode Kvamsøe, Marte Risnes Iversen, Mina Gjermo Schønning, Therese Sellevold. 2. rekkje frå venstre: Astri Faugstad Davidsen, Karolina Stamnes Bjørnberg, Trond Amund Vikøren, Joakim Johnsen Davidsen, Martin Vaktdal Kvamsøe, Inger Marie Hansen, Simon Wingsternes, Lise Balestrand Ulveseth. 3. rekkje frå venstre: Oda Hesjedal Langhelle, Hilmar Kydland Skaftun, Aleksander Bukkestein Trohjell, Anders Olsen Tveterås, Andrea Lie Kjøndal. 4. rekkje frå venstre: Elisabeth Karstensen, Even Verpelstad Undrum, Mailen Herheim Dregelid, Ingrid Øygard Steinkopf.

Foto: Lars J. og Truls J. Løtvedt

**KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 2. MAI 2010**

1.rekkje frå venstre: Åsne Elisabeth Alvheim, sokneprest Edvard Bø, Linda Kydland 2. rekkje frå venstre: Ole Martin Knutsen Aga, Robin André Helgesen Jordal, Martin Boge Juvik, Karoline Lid, Sandra Stavenes, Silje Maria Hope Langhelle, Torbjørn Greve Rolland..

Foto: Lars J. og Truls J. Løtvedt

Inntrykk frå ei synfaring



Seså! Skifertaket på sakristiet til Vaksdal kyrkje er endeleg på plass att. Undertak og lekter er skifta, og renner og beslag er reparert. Arbeidet er utført av Vaksdal kommune.



Dette er truleg det minste reiskapshuset i Bjørgvin. El løysing på plassmangelen er under utarbeiding.



Høge dører og vide portar treng vedlikehald. Særskild nokre av dørene i Vaksdal kyrkje .




Sjølv om ein ynskjer å heidre minnet, må ein halde seg innanfor regelverket når det gjeld planting på grava. Blomefeltet kan gå opp til 60 cm framfor gravminnet, målt frå bakkanten av gravsteinen. Blomefeltet kan ikkje vere breiare enn gravminnet. Plantane skal heller ikkje vere høgare enn gravminnet.



Nokre gravsteinar bør takast vare på. Dei slipte glasplatene med namn står i hundre år, om dei ikkje vert øydelagde av frost.



Gravminner som ikkje er sikra med to boltar kan velte. Ta kontakt med gravferdsbyrå eller steinleverandør om det trengs sikring. Festaren er ansvarleg for gravsteinen.



Vegen mellom dei to gravplassane på Dale vert rusta opp. Me fjernar dei to nedste trappene, og grusar opp. Nytt rekkverk skal på plass.



Kyrkja på Flatekval har ein kalkpuss som krev særleg omsyn. Kyrkja vart ein gong pussa opp utvendes, med ei måling som var tett. Etter kvart fall pussen av, og målinga måtte fjernast. I 1984 nyttja ein eit cementbasert produkt som gjorde at overflata fekk "puste". Ulempa med slik overflatebehandling er at det kan gro mose og sopp i over-

flata, og kyrkja skifter farge til gulgrøn når det regnar. Dersom ein nyttar ei måling som ikkje er tilpassa denne pussen, vil ein på ny få avskalling og skadar. Dersom ein ser bort frå fargen, er overflata framleis i svært god stand etter 26 år.

Det vert teke sikte på ei overflatebehandling i sommar, og ei årleg reingjering.

Kyrkjegardsdagar

Det har vore kyrkjegardsdagar på Eidsland, Stamnes, Bergsdalen, Nesheim og Flatekval. Planting på kyrkjegardane, nokre stader kombinert med dugnad, har no vorte ein fast årleg tradisjon.



Eidsland. Astrids Gartneri leverte som vanleg eit godt utval plantar.



"Furet verbitt" kyrkjedør i Bergsdalen. Ragna Lid fører kosten.

Sommerleir på Wallemtunet 2010!

Å reise på leir er spennende. Man treffer gamle og nye venner, finner på mye moro sammen, og opplever mye sosialt og åndelig gjennom ulike samvær og bibeltimer. Vi vet at sommerleirene på Wallemtunet for mange er et av årets store høydepunkter. Leirstedet vårt ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

I år blir det lagt opp til tre leirer:

| | | |
|---------|--------------------|----------|
| Leir 1: | 25.-29. juni | 12-16 år |
| Leir 2: | 29. juni-02. juli. | 9-12 år |
| Leir 3: | 02.-04. juli. | 7-10 år |

Det kan være lurt å melde seg på tidlig, for det kan bli stor pågang. Ta kontakt med Bergens Søndagsskolekrets på tlf. 55530120, eller send en e-post til bergen@sondagsskole.no

Så sees vi i sommer?

Med vennlig hilsen
Søndagsskolen Bergen krets



Søndagsskolen Bergen krets

Olav Bjordalsvei 43 - 5111 Breistein
Tlf. 55 53 01 21

Konfirmantfest på Stamnes

Stamnes bedehus
laurdag 16. oktober.

Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - kr. 250,-.

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan også kjøpast hjemme boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.




Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider - kr 300,-

Kan kjøpast her:

Dale: Gyda og Mix

Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja



Kyrkjestaden Dale 100 år

(1996)

104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja

(1986)

239 sider – kr. 50,-.

Sommar, sol og Sjømannskyrkja

Nordmenn i utlandet finn stadig oftare vegen innom Sjømannskyrkja. Og i ferien.

I snart 150 år har Sjømannskyrkja ynskja "Velkommen hjemom" til nordmenn i utlandet. Kvart år er organisasjonen i kontakt med over 800 000 menneske, og mange av dei møter kyrkja sommerstid, i Spania og på andre populære feriedestinasjonar.

- Sjømannskyrkja i Arguineguin på Gran Canaria har vore den best vitja stasjon dei siste fem åra, seier informasjonssjef Eva Hille. - Kyrkja har over 200 menneske innom kvar dag. Det er neppe mange kyrkjer i Noreg som kan skilte med slike besökstall.

Opprinnelag var Sjømannskyrkja eit tilbod til sjømenn, men etter som åra har gått og nordmenn sine reisevanar har endra seg, har kyrkja blitt eit tilbod til alle nordmenn som er i utlandet for kortare og lengre periodar. Sjømannskyrkja sitt fulle namn er og difor "Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet".

Forutan å vere vid kjent for vaflene sine, tilbyr og kyrkjene i Hamburg, New Orléans, Dubai og Costa Del Sol eit overnattingstilbod. Sjømannskyrkja har eksistert siden 1864 og me har heile tida freista å være ein heim langt heimafrå, men dette med overnatting er eit relativt nytt tilbod hjå oss. I kyrkjene me no tilbyd



Verdas best vitja sjømannskyrkje finn du på Gran Canaria.

dette har det blitt veldig populært, seier Eva Hille.

Sjømannskyrkja El Campanario på Costa Del Sol i Spania er ei av desse kyrkjene. Dei har eige gjestehus med ti rom med bad/toalett. Kyrkja har stor hage, ein fredeleg patio og eige symjebasseng. Sjømannskyrkja i jazzbyen New Orléans har og fleire husvere til rådvelde samt eit stort symjebasseng i hagen. Sjømannskyrkja i Dubai er den einaste nordiske kyrkja i Midtosten. Her kan du leige ein hybel til ca. 1000 kroner per veke. Hybeln høver best for to. Kyrkja har og symjebasseng. Hille råder oss til å vere tidleg ute: - Ta kontakt i god tid viss du veit at du

ynskjer å nytte overnattingstilboden i ei av kyrkjene. Du tek kontakt med den aktuelle kyrkja direkte. Alle kyrkjene har nettsider kor du finn e-postadressar og telefonnummer. Det er stor interesse rundt overnatningsplassane og stor pågang, seier ho.

Skulle det være fullt eller du reiser til ein stad kor Sjømannskyrkja ikkje har eit overnattingstilbod, kan det være lurt å stikke innom likevel. Dei som jobbar ved kyrkjene kan gje deg tips og anbefalingar for andre stader å ta inn. - Sjømannskyrkjene er opne kvar dag, og dei som jobbar der er veldig lokalkjent og kan anbefale deg

kor det er trygt og billig å bu, avsluttar Eva Hille og anbefaler ei vitjing på organisasjonen si nettside (www.sjomannskirken.no) før sommarferiereisa.



Ing sjømannskyrkje utan vaflar. Her servert av Tone Stave Engdal i New York.

Alle foto: Sjømannskirken

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

NYE DALE



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektrikar-tenester, også varmepumper.
Tlf. 56 59 43 00

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no



VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

S
STEINRIKET
DALE AS

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Opprettning

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTTERS GANG

DØYPTE



Dale

| | |
|------------|--------------------------------------|
| 11.04.2010 | Amanda Hesjedal Tetoka |
| 11.04.2010 | Markus Lid Toskedal |
| 02.05.2010 | Åsne Alvhild Kathaline Myrlid-Flores |
| 02.05.2010 | Bjørn Johan Leandro Myrlid-Flores |
| 02.05.2010 | Simon Wingsternes |

Bergsdalen

| | |
|------------|------------------|
| 30.05.2010 | Johanne Hesjedal |
|------------|------------------|

Nesheim

| | |
|------------|-----------------|
| 28.03.2010 | Karsten Nesheim |
|------------|-----------------|

Vaksdal

| | |
|------------|------------------------|
| 14.03.2010 | Helene Solberg |
| 14.03.2010 | Mathias Walde Bjørsvik |
| 14.03.2010 | Ådne Hauståker |
| 20.03.2010 | Linda Kydland |
| 28.03.2010 | Ulrik Brekkhus |
| 23.05.2010 | Tobias Knutsen Molund |
| 23.05.2010 | Jakob Straume Audestad |

VIGDE



Dale

| | |
|------------|--------------------------------------|
| 22.05.2010 | Wenche Mari Helle og Magne Rørbakken |
|------------|--------------------------------------|

Bergsdalen

| | |
|------------|---|
| 20.03.2010 | Irene Taule og Erik Akselberg Skjoldal |
| 08.05.2010 | Marianne Boge og Frode Meland Sigurdson |

Vaksdal

| | |
|------------|---------------------------------|
| 22.05.2010 | Monica Indrevær og Jim Stavenes |
|------------|---------------------------------|

DØDE



Dale

| | | |
|------------|----------------------|---------|
| 19.03.2010 | Sonja Davidsen | f. 1938 |
| 20.03.2010 | Solveig O Takvam | f. 1929 |
| 29.03.2010 | John Eliassen | f. 1926 |
| 11.04.2010 | Knut Sverre Andersen | f. 1913 |

Nesheim

| | | |
|------------|------------------|---------|
| 25.04.2010 | Gunnar D Gullbrå | f. 1921 |
|------------|------------------|---------|

Stamnes

| | | |
|------------|------------------|---------|
| 06.03.2010 | Hildur Elvik | f. 1915 |
| 23.03.2010 | Magnhild Helland | f. 1928 |
| 23.04.2010 | Jan Gullbrå | f. 1961 |

Vaksdal

| | | |
|------------|------------------|---------|
| 11.04.2010 | Mikal Vaksdal | f. 1920 |
| 15.04.2010 | Borghild Ersland | f. 1916 |
| 16.05.2010 | Magnus Fanebust | f. 1923 |



Dei ti Guds bod

8. Du skal ikkje tala usant om nesten din.

Det tyder:

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje svik nesten vår; ikkje baktalar han eller spreier vonde rykte om han, men orsakar han, talar vel om han og tek alt i beste meinung.

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 13. juni

3. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 19,1-10
DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Dåp og nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Trafikkskadde.

Sundag 20. juni

4. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 15,11-32
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Offer til Tibetmisjonen.

Sundag 27. juni

5. SUNDAG ETTER PINSE Joh. 8,2-11
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Trafikkskadde.
DALE KYRKJE kl. 18.00 Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Acta barn og unge i Normisjon.

Sundag 4. juli

6. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 16,13-20
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
SOLBJØRG I BERGSDALEN kl. 15.00. Stølsgudsteneste. Frode Kvamsøe.

Sundag 11. juli

7. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 16,24-27
DALE KYRKJE kl. 20.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.

Sundag 18. juli

8. SUNDAG ETTER PINSE Jes. 49,13-16
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Normisjon.
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.

Sundag 25. juli

9. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 7,21-29
EKSINGEDELEN, VED STORAVATNET kl. 12.00.
Dalastemna. Edvard Bø.

Torsdag 29. juli

OLSOK Matt. 20,25-28
EIDSLAND, LEIRO kl. 18.00. Olsokfeiring. Edvard Bø.
I kyrkja ved dårleg vær.

Sundag 1. august

10. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 12,42-48
DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 8. august

11. SUNDAG ETTER PINSE Joh. 6,66-69
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 15. august

12. SUNDAG ETTER PINSE Sal. 32,1-5
DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.
STAMNES KYRKJE kl. 20.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.
Offer til Frelsesarmeen.

Sundag 22. august

13. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 12,33-37
EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.

Sundag 29. august

14. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 5,38-42
DALE, MESSEHAGEN kl. 11.00. FEST PÅ KJERKA i samarbeid med Sjømannskirken. Frode Kvamsøe. Torsdagsklubben. Konfirmantpresentasjon.
NESHEIM KYRKJE kl. 19.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 5. september

15. SUNDAG ETTER PINSE Joh. 5,1-15
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Bergsdalsstemna. Hausttakkefest. Frode Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon.
EIDSLAND KAPELL kl. 17.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 12. september

16. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 10,38-42
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon. Offer til konfirmantarbeidet.
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Kyrkjekaffi.